



Barn, ungdom og familie



God hjelp – same kor du bur

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) si hovudoppgåve er at alle barn, ungdomar og familiar som treng hjelp og støtte skal få det, same kor dei bur i Noreg.

Vi skal nå vårt mål gjennom å vere opne, vere i fagleg utvikling, drive kompetanseutveksling og ha eit godt samarbeid med kommunane. Dei tilsette i Bufetat er engasjerte menneske med høg kompetanse innanfor sine arbeidsfelt. For å sikre eit framleis høgt fagleg nivå, satsar Bufetat systematisk på forskning og samarbeid med fagmiljø. Føremålet er å sikre høg og rett kvalitet på arbeidet vårt. Vi vil forklare kva vi arbeider med og korleis vi arbeider. Det vil vi gjere ved å gje tilgjengeleg, rett og nyttig informasjon om alle fagfelte våre, til alle som treng det. Dei vi er til for, skal sjå samanhengen mellom det vi seier og det vi gjer.

Eit viktig mål for oss er å skape eit ope barnevern. Eit barnevern som inviterer til dialog og kjennskap til arbeidsfeltet. Vi gjer det vi kan for å betre forståinga av barnevernet sitt arbeid, utan at det går ut over teieplikta. Vi skal også vere audmjuke og ha respekt for kvart enkelt menneske som vi kjem i kontakt med i arbeidet vårt og deira sagn og utfordingar. Vi skal ha rom for kritikk og vi skal lytte til innspel. Saman skal vi gje eit tilbod av like god kvalitet til alle!

Pål Frydenberg
Direktør for region sør

Ann-Marit Sæbønes
Direktør for Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet


Barne-, ungdoms- og familieetaten

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) har som hovudoppgåve å gje våre brukarar hjelp, støtte og informasjon med god kvalitet utan omsyn til kor dei bur i landet.

Etaten er organisert i fem regionar og eit direktorat under Barne- og familiedepartementet. Bufetat har ansvaret for det statlege barnevernet, familievern og adopsjon. Kommunane har ansvaret for fyrstelinetenesta i barnevernet. God og nær kontakt med kommunane er mellom anna sikra gjennom 26 faglag for barnevernet spreidd utover heile landet.

Bufetat arbeidar innanfor områda:

- barnevern
- familievern
- adopsjon




Bufetat, region sør

Bufetat, region sør omfatnar fylka Vest-Agder, Aust-Agder, Telemark, Vestfold og Buskerud. Regionenkontoret ligg i Tønsberg. Det er ti familievernkontor i regionen. Tre er offentlege og sju er kyrkjelege. Familievernkontora gjev eit tilbod med låg terskel for problem knytt til familien. Regionen har seks faglag. Dei er det statlege barnevernet sitt bindeledd til kommunane. Fagлага er plasserte i Kristiansand, Arendal, Skien, Tønsberg, Drammen og Kongsberg.

Regionen har elleve ulike statlege barne- og ungdomsinstitusjonar. Samstundes brukar regionen godkjende, private barnevernsinstitusjonar. Regionen har nærmiljø- og familiebaserte tiltak, samt fire fosterheimstenester i kvart fylke.

I adopsjonssaker er region sør fyrsteinstant. Dette inneber både handsaming av søknader om førehandssamtykke til adopsjon av barn frå utlandet og søknadar om løyve til adopsjon av barn busette i Noreg. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet er klageinstans.

Det regionale overordna ansvaret for familievern, barnevern og faglag er organiserte i egne avdelingar ved regionkontoret. Kvalitet, opplæring og adopsjon er organisert i ei eiga avdeling. Samstundes er det ei avdeling for personalsaker, administrasjon, plan og økonomi samla i avdeling for strategi og forvaltning. Regiondirektøren har ein prosjekt-leiar, sekretær og ein informasjonsrådgjevar i stab.



BUFETAT REGION SØR

Faglag Kristiansand:
Kristiansand, Mandal, Farsund, Flekkefjord, Vennesla, Songdalen, Søgne, Marnardal, Åseral, Audnedal, Lindesnes, Lyngdal, Hægebostad, Kvinesdal, Sirdal, Birkenes, Bygland, Bykle, Evje og Hornes, Iveland, Lillesand og Valle.

Faglag Skien:
Kragereø, Bamble, Porsgrunn, Skien, Siljan, Nome, Sauherad, Vinje, Seljord, Kviteseid, Tokke, Nissedal, Fyresdal, Drangedal og Bø.

Faglag Tønsberg:
Andebu, Hof, Holmestrand, Horten, Lardal, Larvik, Nøtterøy, Re, Sandefjord, Stokke, Tjøme og Tønsberg.

Faglag Drammen:
Risør, Tvedestrand, Vegårshei og Åmli.

Faglag Kongsberg:
Risør, Tvedestrand, Vegårshei og Åmli.

Faglag Arendal:
Arendal, Froland, Gjerstad, Grimstad,

Faglag Drammen:
Drammen, Lier, Røyken, Hurum, Hole, Nedre Eiker, Svelvik og Sande.

Faglag Kongsberg:
Flesberg, Flå, Gol, Hemsedal, Hol, Kongsberg, Krødsherad, Modum, Nes, Nore og Uvdal, Ringerike, Rollag, Sigdal, Øvre Eiker, Ål, Notodden, Hjørtedal og Tinn.



Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) har ansvar for det statlege barnevernet og for å gje fagleg støtte til kommunane i barnevernssaker. Bufetat har ansvar for fosterheimstenester og tiltak som byggjer på familien. I tillegg har Bufetat ansvar for drift av barnevernsinstitusjonar og ansvar for å godkjenne driftsavtalar med private barnevernsinstitusjonar.

Det er det kommunale barnevernet, familiar kan vende seg til når dei treng hjelp. Det kommunale barnevernet tek også imot meldingar om at barn kan ha det vanskeleg. Dei har ansvar for å granske tilhøva og setje i verk tiltak i samsvar med lov om barnevernstenester.

Faglag

Det finst 26 faglag spreidde utover landet. Laga er det statlege barnevernet sitt bindeledd til kommunane. For å sikre den faglege breidda i laga, er dei sett saman av psykologar, barnevernspedagogar, sosionomar og pedagogar.

Faglaga arbeider med:

- Å finne lokale løysningar i samarbeid med kommunane.
- Fagleg hjelp i vanskelege barnevernsaker.
- Å støtte kommunane i saker om plassering utanfor heimen.
- Inntak til statlege barnevernsinstitusjonar og kjøp av plassar frå private aktørar.

Fosterheim

Fosterheimstenesta har ansvar for å rekruttere og formidle familiar som ynskjer å utføre oppgåver for den offentlege barnevernstenesta, og for at desse familiane får naudsynt opplæring og rettleiing. Fosterheimstenesta kan også støtte kommunane ved plassering i, oppfølging av og ved avslutting av fosterheimsopphald. Kommunane kan også få hjelp til rekruttering, opplæring og rettleiing av tilsynsførarar.



Familiebaserte tiltak

Familiebaserte tiltak innanfor barnevernet er heimebaserte behandlingstilbod. Her får barn og unge som bur heime, opplæring, rettleiing og anna hjelp av fagfolk, saman med resten av familien.

Barnevernsinstitusjonar

Bufetat driv eigne institusjonar over heile landet og brukar også private institusjonar. Det finst barneheimar, ungdomsheimar, kombinerte barne- og ungdomsheimar, institusjonar for foreldre og barn, bu- og arbeidskollektiv og akutt- og utreiingsinstitusjonar.

Les meir om barnevern på www.bufetat.no

Kven gjer kva i barnevernet?



Fylkesmannen har tilsyn med barnevernet og skal mellom anna sjå etter at pålagde oppgåver etter barnevernlova blir sette i verk. Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak i kommunen.



Kommunen si barnevernsteneste tek imot meldingar om at barn kan ha det vanskeleg. Kommunen har ansvar for å undersøkje tilhøva og tilrå tiltak i samsvar med lov om barnevernstenester.

Fylkesnemndene for sosiale saker er fagleg frittstående statlege organ (domstolliknande) som mellom anna avgjer saker om omsorgsovertaking og tvangstiltak for barn og unge med åtferdsvanskar.

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) forvaltar det statlege barnevernet. Faglagra er bindeleddet til kommunane. Bufetat driv institusjonar, fosterheimsteneste, familiebaserte tiltak og kjøper plassar hjå dei private institusjonane.

Barne- og familiedepartementet har eit generelt overordna ansvar for barnevernet.



Cathrine Lindahn, styremedlem i Landsforeningen for barnevernsbarn, har budd både på ungdomsheim og akuttinstitusjon.



Barnevernet må vere der for barna

Cathrine Lindahn (19), styremedlem i Landsforeningen for barnevernsbarn, har budd på ungdomsheim og akuttinstitusjon. Opplevinga ho har av barnevernet har endra seg sidan ho fyrst fekk kontakt.

– I byrjinga viste eg ikkje kva eg skulle forvente, seier Lindahn. Men ho, som mange andre barnevernsbarn, såg på barnevernet som noko ho frykta. Det var før ho hadde møtt barnevernet sjølv, og opplevinga av barnevernet har no endra seg heilt.

– Eg har i dag berre positive ting å seie om barnevernet slik eg har opplevd det, fortel Cathrine. Men i Landsforeningen for barnevernsbarn er det likevel mange meiningar om korleis dei ser føre seg utviklinga av barnevernet!

– Det er avgjerande at barnevernet ikkje blir så firkanta, og at dei tilsette er der for barna. Ingen må ramle mellom to stolar. Ettervernet er også veldig viktig. Kvar brukar må sjåast på individuelt, og nokre treng lang tid på institusjon. Det er nifst å bli 18 år, og då er det

avgjerande å ha ein god tiltaksplan, som ein er med å fastsetje sjølv, meiner Cathrine.

Landsforeningen for barnevernsbarn er særst opptekne av eit ope barnevern.

– Dei som arbeider i barnevernet, må gå ut å fortelje korleis ting faktisk er. Det er viktig at barnevernstilsette er stolte over jobben dei gjer, og då må media sin måte å skrive om barnevernet endrast. Slik kan det verte dersom vi får eit ope barnevern, avsluttar Cathrine.

Familievern



Familievernet er eit landsdekkande, gratis lågterskeltilbod som rettar seg mot par, familiar og enkeltpersonar. Alle som ynskjer det, kan vende seg til eit familievernkontor. Kontora gjev tilbod om råd, rettleiing og terapi når det er vanskar, konflikhtar eller kriser i familien. Det er ynskjeleg at folk tek kontakt tidleg, før problema blir for store.

Familievernkontora arbeider også med mekling etter ekteskapslova og barnelova. Det fører med seg at foreldre med barn under seksten år får mekling i samband med separasjon og avtaler om samarbeid og samvær med barna. Sambuande foreldre som oppløyser forholdet, får også hjelp til samværsavtaler.

Familievernet driv førebyggjande og oppsøkjande verksemd som samlivstiltak og foreldrerettleiing. Kontora har også eit medansvar for større prosjekt på område som samlivskurs for fyrstegongsforeldre og rettleiing for foreldre med funksjonshemma barn. I tillegg driv kontora informasjons- og rettleiingsarbeid overfor dei andre hjelpeapparata og andre.

Det finst om lag 65 familievernkontor i Noreg, spreidd utover heile landet. Ca 60 prosent av kontora er statlege og ligg under Barne-, ungdoms- og familieetaten. Dei andre kontora er eigde av kyrkjelege stiftingar og har driftsavtalar med etaten. Alle familievernkontora er underlagde lov om familievernkontor.

Ditt næraste familiekontor finn du på www.bufetat.no



Illustrasjonsbilete

Det hjelpte

Gunn og Stein hadde budd saman i fem år før dei fekk Kristine. Det var etter det at det byrja å floke seg i samlivet. Då dei to år seinare fekk Andreas, byrja det å bli skikkeleg slitsamt.

Gunn og Stein trur det er mange andre par som har det som dei. Dei var glade for at dei tok mot til seg og bad om ein time på det lokale familievernkontoret. Det var eit venepar av dei som tilrådde det. Dei hadde gjort det same, og hadde gode erfaringar. – Men de må ikkje vente for lenge, hadde dei sagt.

Stein var nok den av dei to som hadde minst lyst. Når dei prøvde å snakke saman heime om problema, enda dei som regel opp med å såre kvarandre. Stein orka ikkje meir av det.

Det var ganske tøft å kome i gang på familievernkontoret, fortalde Stein etterpå. Men begge opplevde at dei vart høyrde. Dei fekk hjelp til å sortere problema, og nokre svar på korleis dei kunne arbeide med å få det betre saman.

– Hadde vi ikkje gjort det no, veit eg ikkje korleis det hadde gått, seier Gunn. Livet har ikkje blitt nokon søndagsskule etterpå, men Gunn og Stein har blitt meir oppmerksame på at dei ikkje kan feie problema under teppet. Og dei tykkjer dei har lært litt meir om korleis dei kan takle problema som kjem.

Adopsjon



Føremålet med adopsjon er i fyrste rekkje å gje ein god og varig heim til barn som dei biologiske foreldra ikkje sjølve kan ta vare på. Adopsjon skal vere til beste for barna.

Det er regionane i Bufetat som handsamar dei fleste saker etter lov om adopsjon. Dette gjeld både førehandssamtykke til adopsjon av utanlandske barn og søknad om løyve til adopsjon av norske barn. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) er klageinstans i saker om adopsjon.


Ved utanlandsadopsjon startar prosessen ved at kommunane utgreier søkjarane sine tilhøve og skriv ein sosialrapport. Derfrå kjem søknadene til Bufetat sine regionkontor for handsaming. Ved godkjenning går søknaden vidare til ein av dei tre godkjende adopsjonsorganisasjonane i Noreg. Organisasjonane har ansvar for å formidle barn til søkjarane. Det er viktig å vere merksam på at det kan vere ulikt kor lang tid saksgangen tek i dei ulike samarbeidslanda.

Bufdir fører tilsyn med organisasjonane si verksemd både her i Noreg og i dei landa vi har eit etablert adopsjonssamarbeid med. Bufdir har vidare ansvar for samarbeidet med adopsjonsstyresmaktene i andre land. Ved adopsjon av eit barn frå utlandet betalar Bufdir ein eingongsstønad til adoptivfamilien etter at adopsjonen er gjennomført. Bufdir har også ansvar for det sentrale adopsjonsregisteret, der alle adopsjonar frå 1917 og fram til i dag er registrert.

Les meir om adopsjon på www.bufetat.no



Familien Myklebust
Haakensen på
verandaen heime.



Tidkrevjande prosess – med lukkeleg slutt

Å adoptere er ein lang og til tider frustrerande prosess, men verd kvart minutt med slit når du ser resultatet. Vi er vel nøgde med våre tvillingjenter, smiler Helga Myklebust. Ho og mannen Trond Haakensen adopterte fire månader gamle tvillingjenter, Anne Kenenye og Maria Yalfal, frå Etiopia. Frå før hadde dei sonen Håkon (5).

– Det var til tider eit spanande svangerskap, som vi begge var like mykje involverte i, fortel Helga.

Prosesen gjekk ikkje heilt slik dei hadde venta. Det var til tider vanskeleg å vere avhengig av ytre omstende.

– Vi visste at vi før eller seinare ville få barn, men ikkje kor lang tid det ville ta. Vi var førebudde på at det kunne ta tid, men vi trudde prosessen ville gå sakte, men sikkert framover, ikkje at vi skulle rykkje tilbake til start.

Godkjenninga gjekk raskt, men det var ein skummel prosess å vere i. Vi var spente – ville vi halde mål? Etter godkjenningsprosessen vart vi fylte med

optimisme, men så stansa alt opp, for det var ingen barn å adoptere i Sri Lanka, som var landet vi hadde bestemt oss for å adoptere frå. Då vi til slutt bytte land, gjekk alt veldig raskt, og før vi visste ordet av det, var vi foreldre til to nydelege tvillingjenter. Til saman brukte vi nesten to år, noko som er heilt vanleg.

Familien har eit klart råd til andre som ønskjer å adoptere barn: Prøv å slappe av! Ikkje gløym å leve i prosessen, og ikkje utset alt du skal gjere, til etter at barna har kome til dykk.



Bufetat, region sør
Olav Trygvassonsgt. 4
Postboks 2403
3104 Tønsberg
Telefon: 33 72 90 00
Faks: 33 72 90 01
E-post: region.sor@bufetat.no